

Saksframlegg

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		25.03.2021

**Tilskot over statsbudsjettet 2021 kap 1429 post 73 til mellomalderruinar**

Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommune fordeler tilskot til konservering, sikring m.m. av mellomalderruinar slik:

Søkn.nr.	Søkjar	Prosjektnamn	Tilskot
1	Stad kommune	Selje kloster og helgenanlegg	1 480 000
2	Bjørnafjorden kommune	Lyse kloster	970 000
3	Sunnhordland museum	Halsnøy kloster	1 350 000
<b>SUM</b>			<b>3 800 000</b>

2. Hovudutval for kultur, idrett og integrering ber administrasjonen gå i dialog med Riksantikvaren for ei ordning med tilsegn for kommande år.

**Samandrag**

Saka gjeld tilskot til konservering, sikring m.m. av mellomalderruinar. Mellomalderruinar er automatisk freda etter lov om kulturminne. Det er søkt om tilskot til dei tre klosteranlegga i Vestland. Alle har langsiktige og pågåande konserveringsarbeid som er prioritert i Riksantikvarens ruinprosjekt. Fylkeskommunen er tilskotsforvaltar og har motteke kr. 3 800 000 frå Riksantikvaren til fordeling på søknadane. Søknadssummen var kr. 5 218 750.

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør

David J. Aasen Sandved  
seksjonssjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven signatur*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

I Noreg er det registrert 123 mellomalderruinar i den nasjonale databasen Askeladden. I 2005 vart det gjennomført ei kartlegging av tilstanden på mellomalderuinane på landsbasis. Året etter sette Riksantikvaren i gang arbeid på dei. Arbeidet har blitt utført i regi av Ruinprosjektet, eitt av bevaringsprogramma hjå Riksantikvaren.

Fylkeskommunen overtok 1.1.2020 forvaltingsansvaret for mellomalderruinar. Det inngjekk i delegeringa av statlege oppgåver til regionnivået. Det inneber mellom anna at fylkeskommunen er tilskotsforvaltar som mottek søknader, prioritærer og vidaresender til Riksantikvaren og mottek i neste omgang tilskot til fordeling.

Midlane i tilskotsordninga vert kompensert over statsbudsjettet 2021, kap. 1429 post 73.

Budsjett 2021	3 800 000
Søknadsfrist for tildeling	1. november 2020
Vedtakskriteria	«Retningslinjer og vilkår for tilskot frå statsbudsjettet kap. 1429 post 71-79» og «Reglement for økonomistyring i staten»
Informasjon om ordninga	<a href="#">Nettstad</a> og utlysing i trykte media

Tal på søknader	3
Tal på søknader som er tilrådd tilskot	3
Samla søknadssum	5 218 750
Tilrådd til fordeling 2021	3 800 000

Søknadsfristen på midlane var 1.nov. 2020, og samla søknadssum til Riksantikvaren var på kr. 5 218 750, jf. vedlegg 1. I brev av 02.02.2021 vart Vestland fylkeskommune tildelt kr. 3 800 000 til fordeling på søknadane, jf vedlegg 2. Tilskotet er gjeve for 2021 og er gyldig i tre år, dvs. ut 2023. Etter det fell det bort, inklusive høvet til å be om utbetaling.

Riksantikvaren opplyser at det er prioritert tilskot til fylkeskommunar som har konserveringsprosjekt som nærmar seg fullføring og som har igangsette prosjekt der det er viktig å videreføre arbeidet.

Arbeid med mellomalderruinar er i stor grad avhengig av erfaringsbasert kunnskap og avgjersler i konserverings- og restaureringsarbeidet. Det er mange eksempel på uheldig restaurering og bruk av feil material (som cement) utover på 1900-talet som ein no må rette opp i. Konservering og arbeid mellomalderruinar er eit langsiktig arbeid.

Fylkessdirektøren merkar seg at Riksantikvaren ikkje har gjeve tilsegn om midlar for neste år. For å sikre kontinuitet i det samansette arbeidet med mellomalderuinane ville ei ordning med tilsegn for kommande år vore ein fordel.

### Føremål med ordninga

Målet med tilskotsordninga er å sikre ruinar frå mellomalderen (før år 1537) og gjere eit utval av dei tilgjengelege for publikum.

Konservering, skjøtsel og tilrettelegging av dei største anlegga har blitt prioritert. Tilskotsordninga inneber at det kan søkast om midlar til konservering og sikring, dokumentasjon, skjøtsel, vedlikehald og overvaking, formidling og kompetanseheving.

Konservering og bevaring av mellomalderruinar er ofte langsiktige og krevjande prosjekt. Konserveringar som allereie er sette i gang, vert difor prioriterte. Det er også naudsynt å oppretthalde fagkompetanse på konservering av mur, og det vert lagt til rette for prosjekt som sikrar denne kompetansen.

### Søknadar og vurderingar

I Vestland er det søkt om midlar til tre anlegg; Selje kloster og helgenanlegg i Stad kommune, Lyse kloster i Bjørnfjorden kommune og Halsnøy kloster i Kvinnherad kommune. Dei har delteke i Riksantikvarens ruinprosjekt og har pågående arbeid.

Alle tre er store og samansette anlegg, med Selje som kanskje det mest kompliserte med omsyn til bevaring av bygningsrestar. Lyse har spesiell utfordring med bevaring av enkelte bygningsdelar; søylebasar og graver, medan Halsnøy har utfordringar knytt til bevaring og sikring av alt frå bygningsrestar i bakken til ståande klosterbygningar.

#### Selje kloster og helgenanlegg

Det er søkt midlar til konservering, skjøtsel, formidling/tilrettelegging og anna, eit igangsett mindre forskningsprosjekt. Prioriterte anlegg for konservering er sjukestova (smia), gjestehuset og Sunnivakyrkja, sistnemnte er også i fokus for igangsett nærmare undersøking. Det er planlagt kontroll og vedlikehaldstiltak på tårnet, sti og trapp til helgenstaden (Sunnivahola), terrassen, kyrkjegarden, ytre klostermur, kai og molo og til skjøtsel i og ved heile klosteranlegget.

Samla søknadssum kr. 2 100 000.

#### Lyse kloster

Her er det søkt om midlar til konservering. Merksemda i år er knytt til sikring av seks mellomaldergraver i nordre kapell kor hellekistene rasar ut og vert øydelagde. Det må gjerast utgreiing av skadeomfang og tolegrens av marktrykk, og det må vurderast/etablerast nytt vernebygg. I tillegg må det arbeidast kontinuerleg med sikring og konservering av murverket.

Samla søknadssum kr. 1 200 000.

#### Halsnøy kloster

Det er søkt om midlar til fortsetting av påbyrja murkonservering av rom V1 og V2. Det er vidare søkt om midlar til formidling, skjøtsel og kompetanseheving.

Samla søknadssum kr. 1 918 750.

#### Vurdering

Alle tre anlegga har tilstandsvurdering som grunnlag for søknadane, og det blir arbeidd etter planar som strekker seg fram i tid. Detaljert plan for det årlege arbeidet blir lagt i samråd med regional kulturminneforvalting, eigar/kommunal forvaltar og handverkar. Pga. Covid-19 situasjonen har årets planleggingsmøte om Lyse og om Halsnøy kloster ikkje blitt gjennomført enno.

Dei omsøkte tiltaka i dei tre søknadane fell alle innanfor tilskotsordninga og er såleis kvalifisert for tilskot. Det er søkt om midlar til viktige tiltak for å ta vare på kulturminna, og omsøkte tiltak er med å gje grunnlag for kunnskap, oppleveling og vidare bruk av desse anlegga.

Det vart gjeve kr. 1 418 750 mindre i tilskot enn det var søkt om. I denne situasjonen finn fylkesdirektøren å måtte redusere tilskota til alle tre anlegga. Tilskotsmidlane skal prioriterast til tiltak retta mot konservering, vedlikehald og andre tiltak som er direkte relatert til ruinane og nærområda deira. Fylkesdirektøren vil peike på at formidling er eit viktig tiltak, men på grunn avgrensa midlar kan desse tiltaka utsetjast til neste år. Fylkesdirektøren vil prioritere å tildele Selje kloster og helgenanlegg og Halsnøy kloster vel 70% av søknadssum og Lyse kloster vel 80%, sistnemnte grunna fokuset på konserveringsarbeidet i søknaden.

#### **Vedtakskompetanse**

Vedtaksmynde i denne saka er heimla i Reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering.

Saker der utvalet har avgjerdsmynde:

- Fordeling av statlege tilskot og stønadsordningar som fylkeskommunen er sett til å ivareta innanfor sitt arbeidsområde.

#### **Økonomi:**

Tilskotsordninga er ei statleg ordning og har ingen innverknad på det fylkeskommunale budsjettet.

#### **Klima:**

Eit detaljmål i konserveringsarbeidet er å erstatte portlandsement med kalkmørtel, noko som bidreg i det langsiktige klimarekneskapen.

#### **Folkehelse:**

*Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle:* Kulturopplevelingar har positiv verknad på folkehelsa.

#### **Regional planstrategi:**

*Utviklingsplan for Vestland 2020-2024:*

Strategi 2.2. Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling. Vestland skal sikre infrastruktur og forvalte viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar.

Strategi 4.1. Like mogelegheiter til å delta i verdiskaping. Vestland skal fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og sivilsamfunn.

### Konklusjon

Fylkesdirektøren rår hovudutval for kultur, idrett og integrering til å gjøre vedtak slik saka ligg føre.

#### Vedlegg

- 1 Søknad om tilskot frå statsbudsjettet 2021 kap. 1429 post 73 - konservering av mellomalderruiner
- 2 Vedtak om tilskudd - statsbudsjettet 2021 kap. 1429 post 73 - konservering av ruiner fra middelalderen
- 3 Vedlegg Retningslinjer og vilkår for tilskudd 2021.PDF